



Til grunneigarar og andre
i følgje adresseliste

Kontakt saksbehandlar

Solbjørg Engen Torvik, 51 56 88 03

Melding om oppstart av verneprosess for 5 skogområde i Rogaland

I samband med ordninga frivillig skogvern kunngjer Statsforvaltaren i Rogaland, med heimel i naturmangfaldlova § 42, oppstart av verneprosess for 3 nye naturreservat og utviding av 2 eksisterande naturreservat Rogaland. Formålet med meldinga er å innhente synspunkt og sikra medverknad før det blir laga eit konkret verneforslag med verneforskrift, vernekart og tilråding. Innspel kan sendast til Statsforvaltaren i Rogaland innan 15. januar 2024.

Med heimel i naturmangfaldlova § 42, melder Statsforvaltaren i Rogaland oppstart av verneprosess for følgjande nye område:

- **Ulvaskog**, Strand kommune, ca. 3931 daa, eigd av 3 grunneigarar.
- **Honganvik**, Sauda kommune, ca. 2095 daa, eigd av 12 grunneigarar.
- **Griggelia**, Sandnes kommune, ca. 1156 daa, eigd av 1 grunneigar.

Samstundes meldes oppstart av verneprosess for utviding av følgjande naturreservat:

- **Hylsskaret**, Suldal kommune, utviding ca. 401 daa, eigd av 1 grunneigar.
Totalt ca. 12 127 daa.
- **Ragstjørna**, Gjesdal kommune, utviding ca. 98,4 daa, eigd av 1 grunneigar.
Totalt ca. 650 daa.

Aktuell verneform er naturreservat etter naturmangfaldlova § 37, jf. § 34. Alle områda er tilbodne gjennom ordninga med frivillig vern.

Forslag til vernekart og naturfaglege rapportar, finst på Statsforvaltaren i Rogaland si heimeside under miljø og klima <https://www.statsforvalteren.no/nn/Rogaland/Miljo-og-klima/>, eller kan sendast etter førespurnad per e-post til sfropost@statsforvalteren.no eller per brev til Statsforvaltaren i Rogaland, Miljøvernavdelinga, Pb. 59, 4001 Stavanger (NB! merk førespurnaden med 2023/13230 og namn på området det gjeld). Ikkje alle områda har ein eigen rapport, men kunnskapsgrunnlaget er då resultat av Statsforvaltaren sine eigne synfaringar og vurderingar.

Me gjer særleg merksam på at avgrensing i karta ikkje er endelege fastsette verneforslag, men det arealet som skal vurderast i den vidare verneprosessen. Ein må forventa at det kan komma endringar. Viktige stiar kan bli teikna inn.



Kort om formålet med vernet og områda

Skogvernet skal medverka til at nasjonal målsetnad for natur blir oppnådd¹, med andre ord, ingen artar eller naturtypar blir utrydda og at et representativt utval av norsk natur tas vare på for kommande generasjonar. Ei rekke trua naturtypar og halvparten av alle trua artar i Noreg er bunden til skog og skogsmiljø. Dei aller fleste av desse artane høyrer heime i den eldre urørte skogen, og fleire artar av insekt, sopp og fugl er avhengig av gammal skog og død ved. Gjennom vern får skogen stå urørt og utvikle seg fritt, og mange livsmiljø sikrast. Skogvern er difor eit viktig og prioritert tiltak for å ta vare på norsk naturmangfald. Stortinget har sett som mål å verna 10 % av skogarealet.

All informasjon om kartlagde naturtypar, kartlagde skogområde, registrerte raudlisteartar og ansvarsartar kan sjåast på kart i Naturbase (<https://kart.naturbase.no/>) og Temakart Rogaland (<https://temakart-rogaland.no/>). Oversikt over raudlista naturtypar² og raudlista artar³ finst hos Artsdatabanken (<https://www.artsdatabanken.no/>). Artsregistreringar er kartfesta i Artskart (<https://artskart.artsdatabanken.no/>), og i tillegg finst dei både i Naturbase og Temakart Rogaland. Informasjon om ansvarsartar⁴ finst på sida Arter av nasjonal forvaltningsinteresse hos Miljødirektoratet.

Ulvaskog ligg mellom Botnefjorden og Lysefjorden, aust for Botnevatnet, sør i Strand kommune. Foreslått vernegrense går i vasskanten lengst sør i Botnevatnet, og vidare følger det eigedomsgrenser i sør og aust, nord til Tverrdalsbekken kor grensa vender sørvestover og følgjer eigedomsgrensa i Tverrdalsbekken til Tverrdal og bekken frå Klimpamyra. Her går grensa ovanfor fossen og ovanfor eit granplantefelt. Deretter følger den eigedomsgrenser til Dormålsfjellet. Vidare sørover avviker foreslått vernegrense frå eigedomsgrensa av ulike grunnar, men blant anna for å halde seg godt aust for høgspentlina.

Føremålet med vernet av Ulvaskog naturreservat er å ta vare på eit større samanhengande område med kystfuruskog. Området blei kartlagt etter Miljødirektoratets instruks for naturtypekartlegging i 2022⁵ og vurderast ut frå dette å ha regional verdi. Ni raudlista naturtypar inngår i lokaliteten, flaumskogsmark, lågurtfuruskog, lågurteikeskog (alle VU) og frisk lågurtedellauvskog naturtypen og open flaumfastmark (begge NT). Tre lokalitetar er boreonemoral regnskog og fleire artsfunn er tydelege fuktindikatorar, mellom anna purpurmose som har spesielt stor utbreiing i lokaliteten. Mykje av skogen er kartlagt som ulike utformingar av gammal skog, med furu- eller eikedominans, og på myr- og sumpskogsmark. Mange eiketree, om lag 90, er kartlagt som naturtypen hol eik. Markslaget er for det meste fattig, men rikare parti finst. På delar av areala med uproduktiv skog, har furua fått ein særeigen utsjånad der dei liknar små bonsai-tre, og heilt sikkert er dei mykje eldre enn de ser ut til. Det er registrert 24 ulike raudlista artar i området⁴ og mange ansvarsartar⁵.

Med regional verdi, fyller området manglar i skogvernet på regionalt og nasjonalt nivå ved at det er eit lågareliggende, stort område med godt kjerneareal og førekomst av regnskog og eit særleg fuktig klima. Vidare har det fleire område med gammal eikeskog og gammal furuskog. Området husar fleire trua naturtypar og mange raudlisteartar.

¹ Miljøstatus [Norges klima- og miljømål - Miljøstatus \(miljodirektoratet.no\)](https://norges.klima-og-miljomal.no/miljostatus)

² Norsk rødliste for naturtyper 2018 <https://artsdatabanken.no/rodlistefornaturtyper>

³ Norsk rødliste for arter 2021 <https://artsdatabanken.no/lister/rodlisteforarter/2021/>

⁴ Arter av nasjonal forvaltningsinteresse <https://kartkatalog.miljodirektoratet.no/dataset/details/21>

⁵ Miljødirektoratet 2022. Kartleggingsinstruks - Kartlegging av terrestriske Naturtyper etter NiN2. M-2209. https://nedlasting.miljodirektoratet.no/NiN_Instrukser/Ntyp2022_kartleggingsinstruks.pdf



Honganvik ligg opp for bygda Honganvik på vestsida og om lag midtvegs inn Saudafjorden i Sauda kommune. Området er eit langstrakt areal i den bratte, austvendte lisida frå fjorden og opp til ca. 600 moh. Det strekk seg frå Indre Vardaneset i nord og om lag 6,8 km sør-sørvest mot Hustveit. Sørleg del av området ligg på ein eigedom som er eit statleg sikra friluftsområde, men det når ikkje heilt bort til Hustveitelva og kvernhusmiljøet der. Størstedelen av området blei skogkartlagt i 2022 og fekk ein særskild god skogvernverdi på 6,75⁶. Området skårar høgt på naturskognærleik med god mengd død ved og store gamle tre. Naturmangfald er òg vurdert til godt med både edellauvskog og furuskog på kalkrik mark. Det er kartlagt tre raudlista naturtypar rik edellauvskog (NT), lågurtfuruskog (VU) og flaumskogsmark (VU). I den bratte lisida er det jamt over godt innslag av edellauvtre, mykje eik, til dels store og gamle med vid krone, i tillegg til alm (EN) og ask (EN), der fleire er styva. Det finst òg edellauvskog dominert av lind (NT), med litt spisslønn og hassel. Aust for Honganvik er det parti med boreal lauvskog med uvanleg stor førekomst av rogn. Det er registrert 9 raudlista artar, blant anna er det god førekomst av store barlindtre (VU).

Området dekkjer manglar i skogvernet på regionalt og nasjonalt nivå ved at det er eit stort område med godt kjerneareal og for ein stor del middels til særskild høg skogbonitet. Vidare fyller området manglar i Rogaland ved å ha frisk rik edellauvskog (NT).

Griggelia ligg i bratt og nordvendt terreng på sørsida av Lysefjorden, like innanfor Fossmork i Sandnes kommune. Området går frå fjorden ved Marvik og opp til ca. 500 moh ved Sollifjellet og omfattar Griggelitjørna og Griggelva. Opp mot fjellet følger avgrensinga i stor grad nord for kraftlina. I aust følger grensa eigedomsgrensa i Båtabekken ned mot fjorden. Området er undersøkt fleire gonger og det føreligg rapportar frå 2016⁷, 2021⁸ og ⁹, samt feltnotat og artsliste frå satsforvaltarens eige synfaring i mai 2021. Området ligg i sterkt oseanisk seksjon (O3), og har ein eksposisjon som gir gode høve for fuktig klima. Det er kartlagd fleire parti med boreonemoral regnskog og regnskogsmiljø, særleg i bekkeløftene. Av fuktikrevjande artar kan nemnast kornfiltlav (EN), horngrimemose (VU), kastanjefiltlav (VU), gul pærelav, kystkorallav, skoddelav (alle 3 NT), purpurmose og hinnebregne. Samla er det registrert 12 raudlisteartar. Skogen er furudominert i dei øvre partia, og har større innslag av boreale lauvtre og edellauvtre med rikare vegetasjon lenger ned mot fjorden, og særleg nær Griggelva og Båtabekken. Nokre store, styvar av alm (EN), ask (EN) og lind (NT) står langs Griggelva. Det er innslag av eik og hassel. I 2016-kartlegginga blei samla vurdering sett til 4 poeng og regionalt-nasjonalt verdifullt, med vekt på urørtheit og treslagsfordeling. I 2021-kartlegginga blei samla vurdering (**), etter same metode, mens verneindeksen i skoganalyse blei 3,33. Det blir framheva at området har fleire registreringar av den sjeldne og raudlista horngrimemose (VU) som tilnærma berre finst i Lysefjorden.

I høve mangelanalysen for skogvern vil området tilføra middels godt utvikla regnskogsmiljø med fleire raudlisteartar knytt til regnskog, og litt rik edellauvskog med store trær.

⁶ Skoganalyserapport Honganvik

<https://skoganalyse.miljodirektoratet.no/report/ED7345EC-7BEC-4C5B-9C75-702B0C67224C>

⁷ Appelgren L., Høitomt T. 2017. Naturverdier for lokalitet Griggelia, registrert i forbindelse med prosjekt Kystfuruskog 2016. NaRIN faktaark. BioFokus https://lager.biofokus.no/omraadebeskrivelser/Kystfuruskog2016_Griggelia.pdf

⁸ Gaarder m.fl. 2022. Skogvernundersøkelser i Rogaland, Vestlandet og Møre og Romsdal fylker i 2022. Verdibeskrivelser. Miljøfaglig Utredning, notat 2022

https://www.fm.borchbio.no/MFURapporter/MU2022-19_SKOGVERN_VESTLANDET_-_VERDIBESKRIVELSER_FOR_2021.PDF

⁹ Skoganalyserapport Griggelia <https://skoganalyse.miljodirektoratet.no/report/1702D675-FF4A-4356-BEB6-76E371F8E96F>



Hylsskaret (utv.) ligg i Suldal kommune, på sørsida av Hylsfjorden og grensar til eksisterande verneområdet i aust, eigedomsgrensa i sør og fjorden i nord. Totalt vil Hylsskaret naturreservat bli vel 12 km². Føremålet med utvidinga er å inkludera meir areal i den bratte lia ned mot Hylsfjorden som inneheld rik edellauvskog, to mindre bekkekløfter, Litla og Stora Bukkajuvet, og overgang til meir furudominert skog oppover i lia. Området skårar høgt på urørtheit, men me utelukka ikkje spor av tidlegare ekstensivt beite og plukkhogst. Det er ei målsetting å behalde verneverdiane i mest mogleg urørt tilstand, med naturleg skogdynamikk og med stadeigne artar og naturtypar. Området husar ein raudlista naturtype, rik edellauvskog, og 4 raudlista artar, kantknollvrangmose (NT), butturnemose (VU), alm og ask (begge EN). Alle artane har endra raudlistekategori (3 er blitt meir trua, ein mindre) i høve til rapporten skriven i 2016, sidan det kom ny raudliste i 2018. Heile området er nordvendt og har høg luftfuktigheit, noko som gjer at det finst eit velutvikla epifyttelement av mosar og lav, og som kan gje grunnlag for regnskogsartar og annan sjeldan og trua mose- og lavflora. Området vart skogkartlagt i 2016 etter gammal metodikk¹⁰, og eit større areal fekk ein samla skår på 3 stjerner (***), medan kjerneområdet i utvidinga, den rike edellauvskogen, fekk (**).

Utvidinga tilfører verneverdiar som økt areal og naturkvalitetar knytt til raudlista naturtypar og artar, til eksisterande verneområde.

Ragstjørna (utv.) ligg i Oltedal i Gjesdal kommune og grensar i aust til eksisterande verneområde Ragstjørna naturreservat. Ragstjørna blei verna i 1996 gjennom verneplan for våtmark med føremålet å ta vare på eit viktig hekke- og overvintringsområde for fugl og eit kvartærgeologisk viktig område. Utvidinga vil derimot vere grunngeve med skogvernverdiar. Skog dekker den nordlege delen av utvidinga, medan den sørlege delen er myr. Utvidinga følger eigedomsgrensa i nord og i aust. I sør er grensa ei framhald av grensa til eksisterande naturreservat til den treff vegen og følger myrkanten vidare eit plantefelt av gran. I vest er det delvis plantefeltet som avgjer kor grensa går, og delvis kvaliteten på skogen som ønskes verna.

Utvidingsområdet er ikkje skogkartlagt, men synfart av Statsforvaltaren i fleire omgangar, seinast i september 2023. Då blei det stadfesta at skogen er ein flaummarkskog med svartor som dominerande treslag, raudlista som sårbar (VU). Det er òg innslag av furu, bjørk, rogn, og ask, i tillegg til framandarten platanlønn. Ein god del av svartortrea og furuene er vurdert til å vere i hogstkaske 4-5. I ein slik fuktskog står trea ganske laust i grunnen og det finst ein god del rotvelte og liggande død ved. Oltedalsåna renn gjennom skogen på nordsida og skogområdet er prega av fuktige forseinkingar og er knapt over elvevatnet. Oltedalsåna er eit regulert vassdrag og vatn frå kraftverket vert sleppet ut ca. 660 m ovanfor foreslått utviding og renn gjennom den sørlege delen av skogen. Vatten frå denne renn òg innover i skogen og dannar sumpområde og overfløymingar. I tillegg til at vatnet trekk ut i myrdelen av utvidinga. Dei to elveløpa renn saman tett på grensa til eksisterande verneområde.

Området fyller manglar i skogvernet på regionalt og nasjonalt nivå ved at det er eit fuktskogområde av den raudlista naturtypen flaummarkskog (VU) på høg bonitet.

¹⁰ Appelgren L., Høitomt T. 2017. Naturverdier for lokalitet Ommundsteigen Hylsliane, registrert i forbindelse med prosjekt Kystfuruskog 2016. NaRIN faktaark. BioFokus. https://lager.biofokus.no/omraadebeskrivelser/Kystfuruskog2016_OmmundsteigenHylsliane.pdf



Kort om verknader av vern

Områda som blir verna, vil gjennom verneforskrifta få restriksjonar for bruk. Områda skal vernast mot alle former for inngrep som kan strida mot verneformålet. Restriksjonane gjeld i første omgang at det vil bli forbodet å øydelegge eller ta med seg alle formar for plantemateriale, både levande og dødt, og at dyr, krypdyr, fuglar og insekt er verna mot skade, forstyrning og øydelegging. Vernet vil ikkje vere til hinder for vanleg, enkelt friluftsliv, men sterk tilrettelegging, vil ikkje vere ønskeleg. Nye etableringar av anlegg vil vera utelukka, om ikkje anna er nemnd i verneforskrifta. Verknadene er ikkje omtala fullstendig her, men vil handsamast nøye under arbeidet med verneforskriftene til kvart enkelt verneområde. Grunneigarar i området vil halde på eigedomsretten også etter etablering av vernestatus.

Prosesen vidare

Etter å ha motteke innspel på oppstartsmeldinga om verneprosess, vil Statsforvaltaren byrja arbeidet med å fastsette verneforslaget sin avgrensing (vernegrense) og verneforskrift. For utvidingane vil eksisterande verneforskrifter gås gjennom og oppdaterast. Desse dokumenta vil bli lagt ut på samordna lokal og sentral høyring. Kunnskapsgrunnlaget saman med høyringsdokumenta og framlegg til avgrensing og forskrift vil være grunnlag for Statsforvaltaren sin tilråding om vern til Miljødirektoratet. Klima- og miljødepartementet vil samordne sak for kongeleg resolusjon basert mellom anna på Miljødirektoratet sin samla tilråding nasjonalt.

Innspel til oppstartsmeldinga

Me er takksame for synspunkt på naturverdiar og brukarinteresser og anna, og ønsker innspel som kan bidra til gode løysningar for både bruk og vern. Eventuelle innspel kan sendast med brev eller e-post til Statsforvaltaren i Rogaland.

Postadresse: Statsforvaltaren i Rogaland, Miljøvernavdelinga, Pb. 59, 4001 Stavanger

E-postadresse: sfropost@statsforvalteren.no.

Frist for å uttale seg til oppstartsmeldinga vert sett til 15. januar 2024.

Innspel merkast i tittelen med referanse til relevant vernesak hos oss:

- I. Ulvaskog, 2022/13517
- II. Honganvik, 2021/12681
- III. Griggelia, 2021/12681
- IV. Hylsskaret utv., 2022/1453
- V. Ragstjørna utv., 2022/4954

Dette brevet vert sendt til grunneigarar og naboar av dei påtenkte verneforslaga, samt aktuelle lokale, regionale og nasjonale høyringsinstansar.

Ta gjerne kontakt med saksbehandlar hos Statsforvaltaren i Rogaland dersom dykk har spørsmål. Solbjørg Engen Torvik, 51 56 88 03, solbjorg.torvik@statsforvalteren.no

Med helsing

(e.f.)

Solbjørg Engen Torvik
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent



Vedlegg

- 1 Forslag til vern, Ulvaskog
- 2 Forslag til vern, Honganvik
- 3 Forslag til vern, Griggelia
- 4 Forslag til vern, Hylsskaret, utv.
- 5 Forslag til vern, Ragstjørna, utv.

Adresselista kan lastast ned frå heimesida til Statsforvaltaren i Rogaland, under den aktuelle saken med same tittel som dett brevet. Me ber om å bli kontakta dersom det er feil eller manglar ved lista.
<https://www.statsforvalteren.no/nn/Rogaland/Miljo-og-klima/>